



Velkommen til  
**Lys vaken!**



DEN NORSKE KYRKJA  
Vartdal sokn



**LYS VAKEN** er eit kjekt tilbod for dei som er fødde i 2012 og 2013. Vi inviterer til forskjellige aktivitetar, mat, leik og læring- og ikkje minst til å **OVERNATTE I KYRKJA!**

### Kva er Lys vaken?

LYS VAKEN er eit tilbod til alle som er fødde i 2012 og 2013. Alle som er fødde dette året, og som er medlem i Den norske kyrkja, vert invitert.\*

LYS VAKEN skal vere ein kjekk kveld og natt i kyrkja, der du får vere saman med andre, delta på kjekke aktivitetar og bli betre kjend i kyrkja. LYS VAKEN blir leia av kateket Caroline Sefu og prest Kristian Myklebust.

### Litt om programmet

Lys vaken tek til laurdag  
**18.januar kl.1800 i Vartdal kyrkje**

Utover kvelden skal vi mellom anna ete i lag, gjere forskjellige oppgåver inne og ute, leike og ha det kjekt saman.

Vi skal også øve til gudstenesta **søndag 19.01 kl 11.** Her blir LYS VAKEN-deltakarane med, og vi håper at mange føresette, sysken og andre vil vere med.



## Viktig informasjon til vaksne

Lys vaken skal vere trygt å delta på. Vi ber difor om at de kontaktar oss ved påmelding dersom det er særlege behov vi bør kjenne til

For å gjennomføre LYS VAKEN med overnatting, er vi avhengig av at nokre føresette kan stille som nattevakt. Les meir om dette i påmeldingsskjemaet. Dersom ingen kan stille, gjennomfører vi LYS VAKEN utan ovenatting. Det går an å melde seg på LYS VAKEN utan å overnatte, om ein ikkje vil det!

## Påmelding

For å vere med på Lys vaken må du melde deg på seinast torsdag 16. januar

Du melder deg på ved å scanne QR-koda over, eller gå inn på [www.kyrkja.no/lysvakenpåvartdal](http://www.kyrkja.no/lysvakenpåvartdal) og melde deg på via linken der.

\*Kjenner du nokon som ikkje er medlem i kyrkja, men har lyst å vere med? Be dei kontakte oss, så ordnar vi det!

# **LYS VAKEN PÅ VARTDAL 2025**

**Når?**

**Laurdag 18. januar 2025 kl 18 til søndag 19. januar kl 1230**

**For kven?**

**Alle som er fødde i 2012 og 2013**

**Kva skjer?**

**Aktivitetar, leik, læring OG overnatting i kyrkja!**

**Pris?**

**Gratis!**

**Ansvar?**

**Den norske kyrkja i Ørstavik, ved kateket Caroline Sefu og prest Kristian Myklebust**

Spørsmål? Kontakt Kristian Myklebust  
tlf 905 95 410 eller [kristian@orsta.kyrkja.no](mailto:kristian@orsta.kyrkja.no)

[kyrkja.no/orsta](http://kyrkja.no/orsta)



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Vartdal sokn